

## INFORMASJON OM RETT TIL Å KLAGE PÅ VEDTAK (JF. FORVALTNINGSLOVEN § 27)

<b>Klagerett</b>	Parten sjølv og andre med rettsleg klageinteresse har rett til å klage på enkeltvedtak gjort av Nordfjord Miljøverk IKS (heretter NoMil) jf. forvaltningslova § 28, 1. ledd.
<b>Klagefrist</b>	<p>Fristen for å klage er 3 – tre – veker frå og med den dagen du fekk informasjon om vedtaket. Dette er normalt den dagen vedtaket/informasjonen blei levert på di adresse med ordinær post, eller vart motteken per e-post. I vedtaket/informasjonen kan det ha vorte fastsett ein lengre frist enn 3 veker.</p> <p>For å overhalde klagefristen, er det tilstrekkeleg at klaga er postlagt, eller sendt per e-post den dagen klagefristen går ut.</p> <p>Dersom klaga vert motteken så seint at det kan være tvil om klagefristen er ute, bør du gje opp den dato du fekk vedtaket/informasjonen. Dersom klaga som er innsendt for seint, vil klaga bli avvist.</p> <p>Det er mogeleg å søkje om forlenga klagefrist. Slik søknad må være skrifteleg, grunngeven og vere sendt innan utløpet av klagefristen.</p>
<b>Kvar skal klaga sendast?</b>	Klaga skal sendes til NoMil. Du kan sende klaga elektronisk til <a href="mailto:post@nomil.no">post@nomil.no</a> eller via ordinær post til: Nordfjord Miljøverk IKS, Eidsmona 36, 6823 Sandane.
<b>Innhald i klaga</b>	Ei klage skal vere skrifteleg og underskriven. Det må gå fram kva for eit vedtak det er klaga på, og kva endring ein ynskjer å oppnå med klaga. Videre bør klaga nemne dei grunnane som klaga byggjer på.
<b>Omgåande verknad</b>	Som hovudregel vil eit vedtak treft av Nomil setjast i verk omgåande, eller på det tidspunkt som går fram av vedtaket. Du kan be om at krav om å sette i verk vedtaket vert utsett til klaga, eller saka, er endeleg avgjort, jf fvl. § 42. Slik førespurnad må setjast fram innan utløpet av klagefristen.
<b>Rett til å sjå saka sine dokument</b>	Med enkelte unntak har du som part rett til å sjå saka sine dokument, jf fvl. §§ 18 og 19. Du kan ta skrifteleg kontakt med NoMil og be om å få oversendt kopi av saksdokumenta.
<b>Behandling av klaga</b>	<p>Ved mottak av ei klage på vedtak, vil NoMil gjere ei vurdering av klaga, medrekna å gjere nødvendige undersøkingar i samsvar med fvl. § 33.</p> <p>NoMil kan oppheve eller endre sitt opprinelege vedtak dersom klaga gjev grunn til dette. Dersom det ikkje er grunnlag for å ta klaga til ny handsaming, vil klaga bli avvist.</p> <p>Dersom NoMil ikkje finn at klaga gjev grunn for endring eller oppheving, vil klaga samen med saka sine andre dokument, bli oversendt den særskilte klagenemnda for endeleg handsaming.</p> <p>Den særskilte klagenemnda er oppnemnt av representantskapet i NoMil, og er klageorgan for alle enkeltvedtak som er treft av NoMil.</p>
<b>Rettleiing</b>	NoMil har alminneleg rettleiingsplikt etter fvl. § 11 med omsyn til eiga verksemd. Du kan ta kontakt med NoMil for nærare rettleiing om korleis du skal gå fram for å klage, den vidare saksgangen og regelverket i den samanheng.
<b>Vedtak i klagenemnda</b>	Vedtak i den særskilte klagenemnda for NoMil er endeleg og kan ikkje klagast på vidare. Ein har likevel høve til å vende seg til Sivilombodet og be om at Sivilombodet vurderer saka. Sivilombodet kan ikkje sjølv endre klagenemnda sitt vedtak, men kan gje si vurdering av korleis klagenemnda har handsama saka, og om det er gjort feil eller forsømingar. Du har og høve til å gå til søksmål ved dei alminnelege domstolane.